



Peder Vatshelle
Hindenesvegen 134
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3013 - 19/22541

Saksbehandlar:
Kaia Marie Amland
kaia.marie.amland@lindas.kommune.no

Dato:
16.07.2019

Informasjon om Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031

Viser til hyggeleg telefonsamtale 16. juli og sender informasjon frå Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031, som ligg ute til høyring og offentleg ettersyn.

Som eg forklarte på telefonen, er innspelet ditt for gnr./bnr 243/1 ikkje tatt med i planen. Den samla vurderinga er som følger:

Hensikten med etablering av LNF-spreidd næring for mottak av massar, er for opparbeiding av dyrka mark for å betre landbruksverdien. Omsøkt areal er i der hovudsakeleg myr, og vatn. Det er ikkje ønskeleg å opne opp for mottak av masser på arealet. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen.

Utfyllande vurdering av innspelet ditt finn du i vedlagt utdrag frå Konsekvensutgreiinga. Komplette konsekvensutgreiing er på 131 sider og er derfor ikkje med i dette brevet. Dei resterande sidene av konsekvensutgreiinga kan ved førespurnad hentast på rådhuset eller ettersendast i posten eller på e-post.

Slik kjem du med innspel til Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031

Fristen for å komme med innspel er 27. august 2019.

Du kan sende innspela dine på e-post til postmottak@lindas.kommune.no eller med brev til Lindås kommune, plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Sendinga merkar du med saksnummer 17/3013.

Med helsing

Kaia Marie Amland
planleggar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Arealdelen til kommuneplanen 2019-2031_Konsekvensutgreiing og arealvurderingar



Mottakarar:

Peder Vatshelle

Hindenesvegen 5993
134

OSTEREIDET